



VANYLVEN KOMMUNE



Illustrasjoner: Stockbilder fra Microsoft

Kart: Utsnitt fra norgeskart

Samtaler om rus og avhengigheit

Kjenner du nokon som strever med rus eller avhengigheit?

Har du sjølv erfaring med rus eller avhengigheit?

Kommunal oppfølgingsteneste inviterer til gruppessamtaler om rus og avhengigheit

Oppmøte

Vi møtast i Vårsol-bygget på Fiskå (sjå kart) ein gong per veke. Møta varer i 50 minutt. For at arbeidsmiljøet i gruppa skal vere stabilt og trygt, er det viktig at du prioriterer å møte til gruppa, at du møter presis og vert til stades gjennom heile gruppemøtet. Nødvendig fråvær må meldast i frå om på førehand.

Gruppessamtaler

Vi inviterer til møter der du kan snakke med andre om rus. Mange som oppsøkjer hjelp for rus og psykiske vanskar kjenner seg åleine. Det kan vere vanskeleg å snakke med andre om opplevingar frå oppveksten eller vaksenlivet og betydninga dette har for deg i dag. Gruppesamtaler gir høve til å arbeide med eigne utfordringar saman med andre som har liknande erfaringar og utfordringar. Ved å dele, lytte og forhalde deg til andre, kan du utvide di forståing og oppleve nye samanhengar. Gruppemøta drives av faste terapeutar som sørger for trygge rammer og kontinuitet.

«Slow open» gruppe

Gruppa er ei sakte open gruppe. Det vil seie at gruppa ikkje har et bestemt antal møte og at ein tek inn nye medlemmar så lenge der er ledig plass (t.d. når nokon i gruppa sluttar).

Teieplikt

Du må verne om andre i gruppa sitt namn og identitet, og har tieplikt om det som vert sagt i gruppa.

Oppstart av gruppemøta

Møta startar mot slutten av september 2024. Ta kontakt om du er interessert i å vere med på møta, du treng ikkje tilvising frå fastlege. Alle som er interessert vil få ein informasjonssamtale før oppstart.

Høgste antal deltagarar er mellom 8 og 10 personar.

For meir informasjon kan du ringe eller sende melding til gruppeleiarane:

- Hildegunn Knardal mob. 94195761
 - Victoria Sannes mob. 94036629